

Forslag til endringar i Føresegner til reguleringsplan

2.4 Støy (pbl § 12-7 nr. 3)

Grunneigarane ynskjer fylgjande endring, merka med raudt:

...

For bustader og fritidsbustader som har støynivå $L_{den} > 55$ dB på den primære uteplassen, skal det tilbydast skjermingstiltak for utandørs opphaldsareal på inntil ~~45~~ 25 m^2 . Minimum tilbydd areal skal være ~~12~~ 15 m^2 .

...

Statsforvaltaren skriv i sitt «**Betinga frafall av motsegn**» 29.05.2026 (Ikkje lagt ved saka):

Statsforvaltaren er nøgd med fleire av endringane, men vi meiner det må gjerast ein endring til for at omsyna til støy for eksisterande bustader og fritidsbustader blir tilstrekkeleg tatt i vare. Føresegna sikrar støyskjerming av inntil 15 m² areal for utandørs opphald for dei bustadene og fritidsbustadene kor støyen på det primære areal for utandørs opphald overstig grenseverdiane. Føresegna gir likevel ingen sikring av eit skjerma minimumsareal. Dermed kan vilkåret reknast å være fylt ved å skjerme eit svært lite areal. Vi meiner det her må gis ei minimumsgrense, og den må være på ca. 15 m² for å gi eit akseptabelt skjerma areal for ein einebustad/ein fritidsbustad.

Å sette minimumsarealet til 12 m² i planen når Statsforvaltaren så tydeleg meiner det må vere ei minimumsgrense på ca. 15 m² verkar unødvendig småleg. Ein ny veg vil påføre desse eigedomane vesentleg støy for all framtid, noko som råkar bukvalitet hardt.

I mange kommuneplanar er 15 m² sett som det absolutte minstekravet pr bueining for at arealet i det heile tatt skal ha ein verdi, og det er heller ikkje uvanleg med krav om opp mot 25 m² for einebustader og fritidsbustader. Eventuelle meirkostnader for utbyggjar ved å auke det minste skjerma arealet frå 12 til 15 m² er heilt ubetydelege i det store biletet.

Å avgrense det skjerma arealet oppover til inntil 15 m² er verkar unødvendig, særleg sidan det kan føre til at ein kan måtte søke om dispensasjon frå planen dersom ein ønsker å etablere eit større skjerma areal. Grunneigarane ber derfor at planen vert endra slik at skjerma utandørs opphaldsareal skal vere på **minimum 15 m² og inntil 25 m²**.

Ein gjer òg merksam på at dei føreslegne føresegnene om uteområdet ikkje har vore ute på høyring. Føresegnene kom som fylgje av Statsforvaltaren sitt varsel om motsegn p.g.a. støy. Bygland kommune eller Statens Vegvesen har ikkje vore i kontakt med grunneigarane om desse endringane. Grunneigarane har derfor ikkje hatt høve til å uttale seg om desse.

3.1.1 Fellesføresegner for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

Grunneigarane ynskjer fylgjande endring, merka med raudt:

Føremålsgrensene mellom arealføremåla innanfor «Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur» kan justerast i samband med detaljprosjektering/byggteknisk plan og ved gjennomføring av anlegget. Høgden på køyrevegane kan justerast. På strekninga frå Glåparodden til Frøysnes sør (pel 5660 – 7850) og frå Frøynes nord til planens slutt (pel 8950 – 9850) kan høgden på Rv. 9 justerast inntil +/- 2,0 m. Gjennom Frøysnesbygda (pel 7850 – 8950) kan høgden justerast inntil +/- 0,5 m. **Køyreveg f_KV3 kan justerast inntil minus 2,0 m i sør.** gjeld i forhold til det som er vist i teikningshefte. Endringane må ikkje gå ut over transportfunksjonen og trafikktryggleiken. Justeringar skal dokumenterast.

Grunneigarane ynskjer og har spela inn at f_KV3 vert senka i sør. Endringa ein ynskjer i føresegnene er eit KAN, ikkje SKAL. Vegen skal vere privat etter anlegget. Endringa i føresegnene gjer at dersom ein finn ei løysing gjennom byggeplan, grunnnerverv eller i etterkant, så stopper ikkje reguleringsplanen ei slik senking av denne vegen.

Ein gjer òg merksam på at, sjølv om grunneigarane ynskja dialog rundt innspela for å finne gode løysingar, har ikkje Bygland kommune eller Statens Vegvesen vore i kontakt med grunneigarane om innspelet som var sendt inn 02.05.2025.

5.2 Føresegnområde – vilkår for bruk av areal, (pbl § 12-7 nr. 1)

Grunneigarane ynskjer fylgjande endring, merka med raudt:

...

#5 og #4 – Terrenget skal arronderast slik at det er framkommeleg med landbrukstraktor.


...

#14 og #4 – Det skal etablerast landbruksveg klasse 8-7 innanfor området som skal forbinde avkjørsler ved Pel 7790 og pel 8140 med to eksisterande traktorvegar og dyrka jord i området.

...

Endring i plankart:

Område for #5 på plankartet forlengast sørover til det møter #14
(Raude strek på kartet nedanfor)



Det er behov for å knytte saman avkøyringane for at ein skal sleppe å rygge ut på RV9 i.f.m. åtkomst til traktorvegar og dyrka jord. Sidan det ikkje er plass for tømmerbil ved begge avkøyringane, er ein avhengig av at traktor med tømmervogn eller listeberar, kan køyre frå traktorvegen i nord, sørover til opplagsplass i sør. For å tole belastninga er det naudsynt at vegen er klasse 7, ikkje 8 som i framlegget.

Grunneigarane kom med fleire innspel til Bygland kommune knyt til dette området ang. tilgang til dyrka jord, eksisterande traktorvegar, velteplass for tømmer m.m. Ein gjer òg her merksam på at, sjølv om grunneigarane ynskja dialog rundt innspela for å finne gode løysingar, har ikkje Bygland kommune eller Statens Vegvesen vore i kontakt med grunneigarane om innspela som var sendt inn 02.05.2025.

Ein kan heller ikkje sjå at Bygland kommune som planmynde har vurdert desse innspela knyt til jordbruk og skogbruksinteressene i planen. Grunneigarane kan ikkje sjå at innspelet skal ha negativ verknad på ny RV9. Det vil det medføre sikrare bruk av avkøyringane.

Skisse på kart frå teikningshefte (Ikkje del av bindande reguleringsplan):

